

NEDSTE GROSTØL

Nedste Grostøl er Taskjellestøl. Taskjellestølen låg under Messehaug. På det meste var det tre sel (to bruk og husmann). No er det eit sel att (bygd 1947). Her var Sofie Loftesnes og seinare Magnhild Taskjelle dei siste budeiene på bruk nr 2. Budeiene gjekk opp og ned kvar dag for å ta del i slått. Stølstræet vart slått, og høybørene sendt på løypestreng ned til tunet i Taskjelle. Siste høybøra vart sendt ca. 1965. Då tok også stølsdrifta slutt.

Søndagane samlast gjerne budeiene på Messehaug. Derifrå kunne dei sjå kyrkja. På Taskjellestølen står eit stølshus til Olav Taskjelle. Elles er det berre tuftene att. Det var på Taskjellestølen botanikaren Johan Havås var med på nattesjau i ungdomsåra.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde: «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim og lokalkjende.